

# **Språkpolitiske retningslinjer for Høgskulen på Vestlandet**

**Forslag frå ei arbeidsgruppe**

**Stord/Bergen/Sogndal  
27.11.2017**

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein stor høgare utdannings- og forskingsinstitusjon med om lag 16.000 studentar og 1.800 tilsette. Høgskulen har eit strategisk mål om å verte eit universitet med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil i løpet av dei nærmaste åra. Høgskulen har fem studiestader fordelt på tre fylke på Vestlandet.

Dei språkpolitiske retningslinjene for HVL er utforma med tanke på at høgskulen skal kunne vere eit språkleg føredøme for norske universitet og høgskular når det gjeld god og rett bruk av språket; særleg nynorsk, men òg bokmål og teiknspråk. Høgskulen ønskjer dessutan å finne ein god balanse mellom bruken av norsk og det viktigaste parallellspråket, engelsk, både når det gjeld utdanning, forskning og formidling.

Rektor vil nemne opp eit språkpolitisk utval på leiarnivå som skal ha ansvaret for høgskulens språkpolitikk og for tiltak, tilbod og tenester som må utviklast i samband med dette.

## 1) Overordna språkpolitikk

### *Generelt*

Språket, og orda, er den viktigaste arbeidsreiskapen for alle tilsette og studentar ved HVL. Det er ei sjølvlagt plikt for HVL å leggje til rette for og sjå til at både tilsette og studentar kan kommunisere og uttrykkje seg på eit godt, klårt og forståeleg norsk språk både munnleg og skriftleg. HVL ønskjer òg at tilsette og studentar skal beherske engelsk munnleg og skriftleg.

Språkvala og dei språkpolitiske retningslinjene ved HVL skal bidra til å styrkje konkurransekrafta for dei kandidatane høgskulen uteksaminerer til profesjons- og arbeidslivretta yrke gjennom bachelor-, master- og doktorgradsprogram, både på den heimlege og den internasjonale arbeidsmarknaden.

### *Nynorsken*

Høgskulen på Vestlandet høyrer til midt i kjerneområdet for det nynorske språket. Det er særskild viktig for nynorsken, som nasjonalt er eit mindre språk enn bokmål, at sentrale institusjonar i kjerneområdet støttar opp om og er aktive brukarar av dette språket.

I avtalen om gjennomføringa av fusjonen («fusjonsavtalen») mellom Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskulen i Sogn og Fjordane frå mai 2016 er det slått fast at «hovudmålforma for den nye institusjonen skal vere nynorsk.» Avtalen seier òg at Høgskulen på Vestlandet skal «ta utgangspunkt i og byggje vidare på hovudtrekk ved vestlandsk kultur, næring og tradisjonar». Dei vestnorske dialektane og det vestnorske fellesspråket, nynorsken, er mellom dei sterkaste vestnorske kultur- og identitetsmarkørane.

- Høgskulen på Vestlandet ønskjer ut frå dette å stå fram med ein tydeleg nynorsk profil og nytte eit godt og levande nynorsk språk i all marknadsføring, profilerings- og rekrutteringsarbeid og på nettsidene. At hovudmålforma er nynorsk vil også innebære at sentrale dokument på institusjonsnivå, som strategiplan, årsrapport, utviklingsavtale og retningslinjer skal vere på nynorsk. Det same gjeld skilting av og namnsetjing på einingar i organisasjonen.
- HVL skal likevel leggje vekt på å følgje pålegget i «lov om målbruk i offentleg teneste» («mållova») om at i utforminga av rundskriv, kunngjeringar,

informasjonstilfang o.l., skal ingen av dei norske målformene vere representerte med mindre enn 25 prosent.

- I tråd med «lov om universiteter og høyskoler» ønskjer Høgskulen på Vestlandet å ta ansvar for utvikling av eit godt og høveleg norsk fagspråk innanfor dei faglege hovudområda våre.
- Høgskulen ser det som eit særleg ansvar å ta i vare og utvikle eit godt og klårt nynorsk fagspråk til bruk i høgare utdanning og forskning i Noreg, med særleg vekt på språket i dei profesjons- og arbeidslivsretta faga og utdanningane.

### ***Parallellspråk***

Høgare utdanning og forskning vert i aukande grad internasjonalisert. Det gjeld også ved Høgskulen på Vestlandet. Vestlandsregionen, som er høgskulens regionale omland, har eit internasjonalt og utoverretta næringsliv. Vestlandet og vestlendingane treng solide kunnskapar både i norsk og i engelsk.

Både forskning og undervisning ved HVL skal vere på høgt internasjonalt nivå. Talet på utanlandske tilsette og studentar ved høgskulen er aukande. Fleire tilsette enn før har internasjonal bakgrunn og kompetanse. Mange forskingsprosjekt er baserte på internasjonalt samarbeid. Eigaren vår (Kunnskapsdepartementet) krev at vi skal auke den internasjonale mobiliteten både blant tilsette og studentar.

- Ut frå ein slik bakgrunn er det sjølvsagt at Høgskulen på Vestlandet må styrkje sin kompetanse i parallellspråk, særleg i engelsk. Av same grunn må parallellspråksbruk vere eit berande element i språkstrategien ved HVL.
- Engelsk er det rådande fellesspråket i det internasjonale fellesskapet av og for universitet og høgskular. Å sørge for tilfredsstillande engelskkunnskapar for tilsette og studentar ved HVL vert ei viktig oppgåve for høgskulen i åra framover. Det er òg nødvendig at høgskulen sørgjer for å styrkje norskkunnskapane, både munnleg og skriftleg, for HVL-tilsette med annan språk- og kulturbakgrunn.
- Solide kunnskapar om og ferdigheiter i norsk språk, skriftleg og munnleg, er det beste utgangspunktet for å verte god i engelsk og andre framandspråk. Ei styrkt opplæring i norsk er såleis til bate også for god bruk av parallellspråket.

### ***Klarspråk***

Prinsippet om «klarspråk»; eit korrekt, klårt og mottakartilpassa språk, skal leggjast til grunn for all skriftleg kommunikasjon frå Høgskulen på Vestlandet. Det er eit mål for HVL at både tilsette og studentar kan uttrykkje seg skriftleg i eit forståeleg «klarspråk». Det inneber likevel ikkje at alle tekstar skal vera enkle, eller at tekstane skal vere frie for fagspråk. Det viktige er at teksten er godt tilpassa mottakaren.

## **2) Utdanning og undervisning**

Norsk; nynorsk og bokmål, skal vere det sentrale undervisningsspråket ved HVL. Det gjeld på alle nivå. Der det høver, kan dansk, svensk eller teiknspråk nyttast i undervisninga.

- Hovudregelen er at undervisninga ved HVL skal skje på det språket som er kunngjort for det aktuelle kurset i studie- og emnekatalogar. Fakulteta er ansvarlege for at dette skjer.
- HVL skal ta på seg eit særleg ansvar for at studentane ved høgskulen skal lære seg og kunne ta i bruk god (ny)norsk fagterminologi på dei fagområda høgskulen gjev undervisning i.

### ***Bachelorutdanningar***

- Undervisninga i bachelorutdanningane ved HVL skal i det alt vesentlege vere på norsk, med unntak av undervisning i språkfag utanom norsk. Bacheloroppgåver skal normalt skrivast på norsk, med eit samandrag på engelsk eller teiknspråk.
- Undervisning på engelsk er avgrensa til kurs og program der det er naturlege grunnar til å undervise på engelsk; som når læraren ikkje beherskar norsk, når undervisninga inngår i kurs innanfor ramma av HVL sitt internasjonale samarbeid o.l.
- Ved eksamenar på bachelornivå skal det til vanleg brukast norsk språk.

### ***Masterutdanningar***

- Også i masterutdanningane skal det vesentlege av undervisninga skje på norsk, unnateke undervisning i språkfaga utanom norsk. Fakulteta kan likevel avgjere at nokre kurs eller studieprogram heilt eller delvis skal verte haldne på engelsk.
- Masteroppgåver skal i hovudsak skrivast på norsk, med eit samandrag på engelsk eller teiknspråk. Fakulteta kan vedta at masteroppgåver i enkelte fag/kurs kan vere på engelsk. Masteroppgåver på andre språk enn norsk skal ha eit samandrag på norsk.
- Ved eksamenar på masternivå skal det til vanleg brukast norsk språk. Også ved kurs der undervisninga går føre seg på engelsk, kan dei som ønskjer det, levere eksamenssvaret på norsk.

### ***Ph.d.-utdanningar***

- På høgskulens ph.d.-utdanningar er det rimeleg at delar av undervisninga skjer på engelsk. Dette både fordi mange av studentane vil vere ikkje-nordiske, og fordi norske ph.d.-studentar treng god kjennskap til engelske faguttrykk og språk på dei aktuelle felta. På ph.d.-kurs der det berre er skandinavisk-språklege studentar og lærar(ar), skal undervisningsspråket normalt vere norsk (skandinavisk).
- Ph.d.-avhandlingar kan skrivast på engelsk eller norsk. Det er ein føresetnad at det finst uavhengige og godt kompetente skandinavisk-språklege ekspertar på fagfeltet for aktuelle ph.d.-avhandlingar på norsk.

### ***Norsk teiknspråk***

Norsk teiknspråk er eit fullverdig språk med formell status som minoritetsspråk. HVL har ei bachelorutdanning i teiknspråk og tolking, og teiknspråk inngår såleis som eitt av dei prioriterte språka i Høgskulen på Vestlandet, mellom anna ved at studentane kan ta teiknspråk som del av si grunnskulelærarutdanning.

- Behova for tilsette og studentar som brukar (norsk) teiknspråk, skal imøtekomast slik at dei kan bruke norsk teiknspråk i same grad som norsk i arbeid og studiar ved høgskulen.
- Teiknspråktolkar skal vere tilgjengelege etter behov.

### ***Generelt***

På alle nivå vert det venta at studentane skal kunne gjere seg nytte av faglitteratur både på norsk og engelsk. Fagmiljøa skal syte for at språkleg og terminologisk kompetanse vert ein del av læringsutbyttet i studia.

- Utanlandske studentar og tilsette skal bli oppmoda om å ta innføringskurs i norsk språk, kultur og samfunnskunnskap. Det er eit mål at dei fleste av desse skal kunne forstå norsk og delta i samtalar og i undervisning/kurs der norsk er hovudspråket.
- Fast tilsette ikkje-skandinavar i faglege eller administrative stillingar skal kunne utføre arbeidet sitt på norsk etter nokre år i stillingane. Kunnskapar i norsk munnleg og skriftleg er mellom kriteria som skal leggjast til grunn for tilsetjing i faste stillingar. HVL skal tilby gratis kurs i norsk, både nynorsk og bokmål.
- Høgskulen skal tilby kurs i akademisk engelsk, i bruk av engelsk daglegspråk, essayskriving på engelsk o.l. Slike kurs skal tilbydast alle grupper tilsette for å fremje internasjonalisering i forskning og undervisning, og for at dei tilsette lettare skal kunne delta i engelskspråklege aktivitetar som høgskulen har ansvaret for. Det er eit mål at også studentane får tilbod om å delta på nokre av engelskkursa.
- Høgskulen skal tilby ikkje-skandinaviske studentar undervisning i norsk. Dette inneber mellom anna (studiepoenggivande) innføringskurs i norsk som vil gjere det mogleg for dei å følgje undervisning på norsk. Utvekslingsstudentar skal få særlege tilbod om kurs i norsk språk.
- For studium og kurs der det vert undervist på engelsk, vert det kravd eit visst minimum av engelske språkferdigheiter frå studentane. Fakulteta skal definere kva for minimumskrav som vert stilt til språkferdigheiter i engelsk for utvekslingsstudentar.

### **3) Forsking og formidling**

Språket er ein sentral reiskap i all forskingsverksemd. Mangesidige språkkunnskapar og kommunikasjonsferdigheiter skal inngå i kompetansen til kvar forskar ved HVL.

- Ein aukande del av forskinga ved HVL føregår i eit internasjonalt forskingssamarbeid, og mykje av publiseringa skjer på engelsk i internasjonale poenggivande tidsskrift. Éi viktig utfordring for HVL, og mange andre universitet og høgskular, er å sikre nasjonalspråkets status og plass i forskingssamfunnet.

### ***Forsking og vitenskapleg publisering***

- Høgskulen skal leggje til rette for norsk som fullverdig vitenskapleg publiseringsspråk. Men HVL erkjenner at engelsk er det dominerande språket på mange vitenskapsområde.

Engelsk kan brukast som publiseringsspråk når dei som publiserer, finn det føremålstenleg.

- Publikasjonar som vert utgjevne ved HVL på ikkje-skandinaviske språk, skal ha eit samandrag på norsk eller teiknspråk. Tilsvarande skal publikasjonar på norsk ha eit samandrag på engelsk eller anna framandspråk. Dette gjeld også for doktorgradsavhandlingar.
- Høgskulen skal stimulere til og gjennom kurs og på andre måtar drive aktiv opplæring i skriving av vitskapelege fagartiklar, både på norsk og engelsk.
- HVL skal ha ein eigen redaksjonsstyrt publikasjonsserie, som skal vere tenleg for rapportering av både interne prosjekt og eksterne oppdragsprosjekt.

### *Samfunnsoppdraget*

- Ein viktig del av høgskulens oppdrag er å samverke med samfunnet for å halde ved like og utvikle den norske, og særleg den nynorske, fagterminologien innanfor dei profesjons- og arbeidslivsretta fagfelta.
- Fagfolk/forskarar ved HVL skal oppmuntrast til å arbeide med å utvikle og utarbeide ein (ny)norsk terminologi innanfor sine akademiske felt, og å kommunisere denne til studentane og til ålmenta. Forskarar skal òg oppmuntrast til å omsetje utanlandske verk/arbeid og faglitteratur til norsk.
- Høgskulen skal òg oppfylle samfunnsoppdraget om å spreie og formidle forskingsresultat ved å stimulere til presentasjon av relevant forskingsbasert kunnskap på norsk gjennom ulike kommunikasjonskanalar. Høgskulen har eit spesielt ansvar for aktiv forskings- og kunnskapsbasert formidling overfor samarbeidspartar og ålmenta på Vestlandet.

## **4) Administrative forhold**

Ein veksande internasjonal arbeidsstokk og ein auke i talet på internasjonale studentar legg eit press på og stiller større krav til det teknisk-administrative personalet ved HVL. Dette gjeld både språkleg og administrativt.

- Det er vesentleg at HVL tidleg finn høvelege organisasjonsmessige løysingar på desse utfordringane. Dette gjeld område som skatteforhold, bustader, sjuketrygd og forsikringar. Målet er at dei internasjonale studentane og tilsette etter ein introduksjonsperiode skal vere sjølvhjelpne.
- Ved tilsetjing i administrative stillingar skal det leggjast vekt på kunnskapar og ferdigheiter i engelsk.
- Sentrale dokument ved høgskulen skal også liggje føre på engelsk. HVL-nettsidene, brosjyrar og tilsvarande, skal innehalde lett tilgjengeleg informasjon på norsk teiknspråk og engelsk.
- Fakultet, institutt, læringscenter o.l. ved HVL skal også namnsetjast på engelsk. Dei viktigaste skilta skal ha tekst både på norsk og engelsk.

## 5) Oppfølging og språklege kvalitetstiltak

Det er avgjerande viktig at den språkpolitiske strategien vert følgd opp, og at ein sørgjer for at den språklege og språkpolitiske utviklinga ved HVL jamt kan vere på dagsorden ved institusjonen.

- Eit eige språkpolitisk utval ved HVL, oppnemnt av rektor, skal ha ansvar for oppfølging og gjennomføring av dei språkpolitiske retningslinjene og høgskulens språkpolitikk. Utvalet skal vere sett saman av tilsette i sentrale leiarposisjonar òg ein student. Utvalet skal òg sjå til at krav og føresegner i mållova vert oppfylte ved HVL. Utvalet skal ha ein eigen sekretær. Utvalet skal kvart år lage ein rapport til styret for HVL om utviklinga på det språkpolitiske feltet.
- Det vert skipa eit «språksenter» eller liknande (eventuelt som del av eit mogleg Læringsssenter ved HVL, eller som del av Senter for nye medier). Dette «senteret» skal i samarbeid med det språkpolitiske utvalet ha i oppgåve å syte for:
  - Språkopplæring og naudsynte språkkurs av ulike typar for tilsette og studentar, både norske og internasjonale
  - Skrivekurs (norsk; særleg nynorsk, og engelsk)
  - Kartlegging(ar) av «språksituasjonen» for ulike grupper tilsette og studentar
  - Utvikling og tilrettelegging av språklege hjelpemiddel og støttetiltak, både fysiske og digitale.
  - At digitale (og andre) språklege hjelpemiddel er lett tilgjengelege for tilsette og studentar.